

Vangsgutane

Norskt Barneblad

SYSVORTI

Nr. 1. Januar.

Bladstyrar:
Kristen Stalleland.

1894. 7^{de} aarg.



Olav og Ragnhild i skreidebukken.

Teikneseriar i vekeblad

☛ I 1930- og 1940-åra voks det fram eit rikt utval av vekeblad og teikneseriar. Vekeblad er publikasjonar som kjem ut fast kvar veke, men nemninga blir også brukt om blad som berre kjem ut ein gong i månaden.

☛ Det eldste norske vekebladet, Allers, kom ut første gongen i 1877. Vekebladet Hjemmet vart etablert i 1904, og frå 1933 gav forlaget Ernst G. Mortensen ut Norsk Ukeblad. Den viktigaste målgruppa for slike familieblad var vaksne kvinner. Blada presenterte lettare opplysningsstoff om mat, handarbeid, motar og kjende personar, men også fiksjonsstoff som noveller og teikneseriestriper. Frå 1937 har teikneseriestripa «Nr. 91 Stomperud» vore eit fast innslag i Norsk Ukeblad.

☞ Det einaste vekebladet på nynorsk, Nynorsk Vekeblad, kom ut jamt i perioden 1934–1954. Her vart det trykt tekstar av kjende nynorskforfattarar som Johannes Heggland, Anders Hovden og Ragnvald Vaage. Nynorsk Vekeblad trykte også dei første teikneseriestripene om «Vangsgutane» og «Ingeniør Knut Berg på eventyr».

☞ Norsk Barneblad vart grunnlagt i 1887 og er eit av dei aller eldste barneblada i verda. Bladet har all tekst på nynorsk og kjem ut den dag i dag. Dei første åra gjekk bladet under namnet Sysvorti (svarttrost). Norsk Barneblad inneheldt mange litterære tekstar for barn, også kjende utanlandske barnebøker i nynorsk omsetjing var med som framhaldsforteljingar. Frå 1938 har teikneserien «Smørbukk» hatt fast plass på baksida av bladet.

Teikneseriehefte og julehefte

☞ Ein teikneserie er ein tekst som er bygd opp av bilete som framstiller ein serie hendingar som til saman utgjer ei forteljing. Som oftast er teikningane kompletterte med snakkebobler eller underliggjande tekst til kvart bilete.

Humorseriar og spenningsseriar

I 1930-åra byrja forlaga å gi ut eigne teikneserieblad eller julehefte med teikneseriestriper. Det er vanleg å dele teikneseriane inn i to hovudgrupper: humorseriar og spenningsseriar. «Nr. 91 Stomperud» er ein typisk humorserie, mens «Ingeniør Knut Berg på eventyr» er ein spenningsserie med Knut Berg som superhelt. Best kjend i denne sjangeren er utan tvil den amerikanske teikneserien «Supermann».



Solveig Muren Sanden teikna i mange år julehefta «Smørbukk» og «Tuss og Troll». Foto: Scanpix

☛ Teikneserien «Donald Duck» vart utgitt for første gong i 1934. Bladet er ein representant for den typen humorseriar der hovudfigurane er morosame dyr med menneskelege eigenskapar. Til same sjangeren høyrer seriar som «Tom og Jerry», «Pusur» og den norske teikneserien «Bamse Brakar».

Gjennomgangsfigurar

Dei fleste teikneseriene har gjennomgangsfigurar som går att i alle stripene og hefta. Teikneseriefigurane Knoll og Tott har gjort ugagn i meir enn hundre år. Onkel Skrue er ein viktig person i dei fleste Donald-hefta, og Tommy er ingenting verd utan Tigeren.

☛ Dei eldste teikneseriehefta har hatt fleire tekstforfattarar og teiknarar. Somme gonger er det så markerte skilnader i uttrykket at vi kan dele hefta inn i tids-epokar ut frå kven som har teikna seriane.

Dette gjeld mellom anna den nynorske teikneserien «Smørbukk».

☞ Dei tradisjonelle norske teikneseriefigurane høyrer heime i eit folkeleg kvar-dagsmiljø. Nr. 91 Stomperud reiser heim til Sørumsand til jul. Også Smørbukk og kompisane hans er plasserte inn i eit ty-pisk norsk bygde-miljø. Det same gjeld teikneserien

i *Framsidene til teikne-serien «Nils og Blå-mann» frå 1929 til 1943*

«Nils og Blåmann». Denne serien vart skapt i 1927 og kom ut fast i førti år.

i *NRK skole: Teikneseriehistorie*

i *Oversikt over norske teikneseriar*

i *Teikneseriestripa «Nemi» finn du mellom anna i Dagbladets nettavis*



Lise Myhre teikner serien «Nemi».
Foto: Erlend Aas / SCANPIX

Nye undersjangrar

I 1970-åra skjedde det ei endring. Vi fekk fleire nye historiske teikneseriealbum som fortalde om hendingar i eldre eller nyare historisk tid, og også meir eksperimentelle teikneseriehefte med sterkare kunstnarleg og litterær profil. I vår tid har teikneseriane ofte ein sarkastisk undertone og figurane er forankra i moderne storbyliv, som for eksempel «Olaf G» og «Nemi».

«Vangsgutane»

☛ Dei første teikneseriestripene om Vangsgutane stod å lese i Nynorsk Vekeblad i 1940. Frå 1941 til 1983 vart serien gitt ut som julehefte. I nyare tid er serien omsett til amerikansk under tittelen «The Boys From Vangen».

☛ Tekstforfattaren er Leif Halse, og dei to gutane i serien fekk namna sine etter sønene hans. Dei første seriehefta vart teikna av Jens R. Nilssen. Teikningane er delvis realistiske og delvis karikerande og humoristiske, noko som gjorde serien svært populær. Seinare overtok andre illustratørar oppgåva med å formgi historiene om Vangsgutane.

☛ I serien møter vi dei to brørne Steinar og Kåre Vangen frå Todalen på Nordmøre. Det er to snille og prektige bondegutar, i motsetning til den rampete husmanns-



Frå teikneserien «Vangsgutane» – ein snillare versjon av «Knoll og Tott». Foto: Leif Halse, Fonna forlag

guten Larris. Heftet var ein slags moralsk kontrast til meir tvilsame teikneseriar som for eksempel «Knoll og Tott». I «Knoll og Tott» ligg sympatien hos dei som driv med rampestrekar. I «Vangsgutane» møter vi derimot ansvarsfulle gutar som gjer rette moralske val og er gode førebilete for andre.

☛ Ein moderne lesar vil nok ha etiske motførestellingar når husmannsguten Larris konsekvent blir framstilt som dum

og stygg, mens Steinar og Kåre, dei to gutane på bondegarden, alltid er heltane. I 1930- og 1940-åra var det meir akseptert og vanleg å knyte moralske eigenskapar til etniske og sosiale grupper enn det er i dag.



«Vangsgutane». Illustrator: Jens R. Nilssen
Foto: Jens R. Nilssen



Om Vangsgutane –
NRK Bok i P2

«Ingeniør Knut Berg på eventyr»

☛ Ein annan svært populær teikneserie på denne tida var forteljinga om ingeniør Knut Berg. Seriestripene vart prenta i Nynorsk Vekeblad i 1941 under tittelen «Knut Berg på eventyr i Austerland» og kom seinare ut som eige hefte. Serien har form av ei sciencefictionforteljing.

☛ Tekstforfattar er Hallvard Sandnes frå Bygland, som arbeidde som lærar og skreiv triviallitteratur på nynorsk. Under krigen vart han send til Finnmark fordi han ikkje ville underordne seg okkupasjonsmakta. Her skreiv han dei første utkasta til forteljinga om Knut Berg under pseudonymet Vigleik Vikli. Hefta vart illustrerte av Jostein Øvrelid.



*Nyutgåva av serien «Ingeniør Knut Berg på eventyr» er illustrert av Fantomet-teiknaren Knut Westad.
Foto: Kristin Rivrud / NRK*

☞ I 2007 gav Fonna forlag ut serien i ein moderne versjon, skriven av Jon Bing og Tor Åge Bringsværd og illustrert av Knut Westad, som også teiknar serien «Fantomet».

☞ Serien om ingeniør Knut Berg voks fram som eit norsk motstykke til den amerikanske teikneserien «Lyn Gordon». I dei første seriane utfører den staute, lyshåra nordmannen heltegjerningane sine i det ukjende landet Kalimanko i Det

fjerne austen. Her kjempar han mot den vonde diktatoren Dr. Panga, som vil gifte seg med prinsesse Aima og leggje heile riket under seg. Eventyraren Knut Berg syner seg som ein sann humanist og bergar prinsessa og folket hennar frå nød og undertrykking.

☞ Etter kvart som serien utviklar seg, står kampen mellom skurken Dr. Panga og helten Knut Berg ikkje berre om jordkloden, men om heile verdsrommet. Ved hjelp av ingeniørkunstane sine legg Knut Berg under seg fjerne galaksar. Slik sett kan vi seie at ingeniør Knut Berg var den første nordmannen i verdsrommet!



Sjå ei stripe frå teikneserien «Ingeniør Knut Berg på eventyr»



Framsider til teikneserien «Ingeniør Knut Berg på eventyr»



*NRK skole:
Teikneserie som sjanger*

«Smørbukk»



☞ «Smørbukk» vart trykt som teikneserie i Norsk Barneblad i 1938. I 1941 kom det første juleheftet ut. Målgruppa for denne serien var barn.

☞ Smørbukk er ein omgjengeleg og snill gut som har lett for å rote seg opp i dei underlegaste situasjonane. Men med fantasi og kløkt kjem han alltid heilskinna frå det.

☞ Mens Vangsgutane vart verande i eit typisk miljø frå 1940- og 1950-åra, har

Smørbukk vist evne til å følgje med i tida. I våre dagar er treski og tønnestarar bytte ut med moderne snøbrettutstyr. Men teikneserien formidlar framleis eit verdisyn som vi kan kalle typisk norsk bygdemoral. Det gjeld å vere snill, ærleg, trufast og lite jålete. Innimellom slår Smørbukk òg eit slag for nynorsken!

☞ Dei første seriane om Smørbukk vart teikna av Jens R. Nilssen, som også teikna Vangsgutane. 21 hefte er teikna av Solveig Muren Sanden, og resten av Håkon Aasnes. I teikningane til Solveig Muren Sanden liknar miljøet som Smørbukk ferdast i, det vi finn i øvre Telemark. Ulike forfattarar har skrive teksten, mellom anna Johannes Farestveit og Øyvind Dybvad.



*Framsider til teikneserien
«Smørbukk» frå 1941 til 1981*



*Den første teikneseriestripa om Smørbukk
i 1938, samanlikna med ei moderne utgåve*

Teikneseriar som kulturformidlarar og språklege førebilete

☛ Teikneseriar som «Smørbukk», «Vangsgutane» og «Ingeniør Knut Berg på eventyr» har vore viktige kulturformidlarar og språklege førebilete for dei som voks opp i Noreg i etterkrigstida. Dette var tida før barne-tv tok over rolla som offentleg oppdragar. I atterreisingsperioden etter krigen var det eit sterkt fokus på det typisk norske, det som batt nasjonen saman, og på å gjere dei rette moralske vala.

☛ Underhaldningslitteratur på nynorsk var kjærkomen for barn på bygdene i 1940- og 1950-åra. Men også for norske bygutar, slik forfattaren Karsten Alnæs skildra det i talen han heldt ved opninga av Dei nynorske festspela på Aasentunet i 2006:



Odd Ekre Nigard i Fonna Forlag med to julehefte om Vangsgutane.

Foto: Lise Åserud / SCANPIX

i Det må ha vore i året 1944 eller 1945, og heltane frå romferdene eller fjella kring Todalen erobra hjartet og trollbatt meg fordi dei førte meg inn i eventyret. For slik var det. Orda bergtok meg, det nynorske språket var fullt av trolldom, skrifta og talen spegla ikkje av den gjevne røyndomen, men skapte ein ny og mykje meir fascinerande ein. Den fyrste gongen ein opplever eit språk, set det råmene for det som kjem etter, og for meg vart det nynorske språket for alltid knytt til romferdene til ingeniør Knut Berg og den vakre kjærasten hans, prinsessa frå landet Kalimanko. Dei to, helten og heltinna, kjempa tappert mot skurken doktor Panga og freista å hindra at han tok makta i heimlandet til prinsessa. Og dei vann til sist, gjorde dei ikkje?

